

Halvårsrapport
pr. 30.06.2019

KVARTALSRAPPORT PR. 30.06.2019

Revisjon

Luster Sparebank sin rekneskap pr. 30.06.2019 er ikkje revidert.

Resultat

Banken har pr. 30.06.2019 oppnådd ein rentenetto på kr. 28,7 mill. Rentenettoen utgjør i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,55 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen kr. 27,2 mill. og i prosent av gfk 1,57 %. Rentenettoen i kroner har auka med kr 1,5 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Rentenettoen i prosent har gått ned med 0,02 %.

Innskot har auka meir enn utlån. Differansen har ein plassert i pengemarknadsfond. Avkastning på pengemarknadsfond er lågare enn avkastning på utlån. Avkastning på pengemarknadsfond blir klassifisert som utbytte og er såleis ikkje ein del av rentenettoen. Dette reduserer rentenetto i %.

Luster Sparebank har plassert likviditetsbufferen i obligasjonsfond. Også avkastninga på obligasjonsfond blir i rekneskapet klassifisert som utbytte. Dette bør ein vera klar over ved samanlikning av rentenettoen i Luster Sparebank med rentenettoen i andre bankar.

Netto andre driftsinntekter pr. 30.06.2019 er på kr 15,7 mill. og er med dette kr 5,5 mill. høgare enn på same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har seld omløpsaksjar med vinst på kr 3,3 mill. Avkastning på rentefond er også mykje høgare enn pr. 30.06.2018. Dette skuldast både auke av midlar plassert i pengemarknadsfond og høgare avkastning i prosent på banken sin likviditetsbuffer som er plassert i obligasjonsfond.

Sum driftskostnader har auka med kr 0,4 mill. i forhold til same tidspunkt i fjor.

Driftsresultat før tap og netto vinst/tap anleggsaksjar er på kr 23,5 mill. som er kr 6,6 mill. betre enn på same tidspunkt i fjor.

Tap på utlån og garantiar er kostnadsført med kr 0,9 mill.

Som tidligare drøfta er det første halvår 2019 seld omløpsaksjar med vinst på kr 3,3 mill. Sal av omløpsmiddel blir inntektsført under andre driftsinntekter. Første halvår 2018 vart det seld anleggsaksjar med vinst på kr 3,6 mill. Resultat før skatt pr. 30.06.2019 er på kr 22,6 mill. noko som er kr 3,9 mill. betre enn på same tidspunkt i fjor.

Høgare rentenetto i kroner, høgare avkastning på rentefond og lågare tap er årsaken til at resultatet er betre enn det var pr. 30.06.2018. Resultat etter skatt pr. 30.06.2019 er på kr 16,95 mill.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.06.2019 er på kr 3.814,8 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 211,9 mill. (5,9 %). Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.06.2019 på kr 4.384,5 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 160,0 mill. eller 3,8 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.082,5 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 157,8 mill. eller 3,8 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.06.2019 overført kr 569,8 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 621,7 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste 12 månader auka med kr 105,8 mill. eller 3,0 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.06.2019 var fordelt med 24,7 % på næring og 75,3 % på personmarknad og offentlig sektor. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 26,4 % på næring og 73,6 % på personmarknad og offentlig sektor.

Innskot frå kundar er bokført med kr 2.675,2 mill. Veksten siste året er på kr 139,4 mill. eller 5,5 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 180 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har teke opp obligasjonslån for kr 430,0 mill. Banken si innskotsdekning er 86,8 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 33,5 mill. kr. pr. 30.06.2019. Dette er ein nedgang på kr 2,8 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har gått ned med kr 1,2 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Nedskrivning på grupper har gått ned mens nedskrivning på enkeltengasjement har auka. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2019.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko. Pr 30.06.2019 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 395,9 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.082,9 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 19,01 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.06.2019 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 19,82 %.

Frå og med 01.01.2018 skal eigarpostar på under 10 % i samarbeidande grupper inn i banken sin konsoliderte kapitaldekning. Luster Sparebank har eigarandelar i Verd Boligkreditt AS (7,1 %) og Brage Finans AS (1,59 %) og desse må konsolideras. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 18,52 %, ei kjernekapitaldekning på 18,79 % og ei kapitaldekning på 19,03 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank sitt resultat for første halvår 2019 er godt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Innskotsveksten har vore god. Banken vil andre halvår fokusere på tiltak for å få tilfredstillande utlånsvekst. Styret er tilfreds med utviklinga så langt i 2019 og har forventningar om at den positive utviklinga vil fortsette utover året.

Gaupne, 09.08.2019

I styret for Luster Sparebank

Bjarne Venjum
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

John Geir Sperle

Andreas Fristad Hop

Oddstein Haugen
Banksjef

RESULTATREKNESKAP (Tal i heile 1.000)	01/01 til 30/06 2019	01/01 til 30/06 2018	2. kvartal 2019	2. kvartal 2018	01/01 til 31/12 2018
Renteinntekter og liknande inntekter	50.950	45.456	25.915	23.073	95.279
Rentekostnader og liknande kostnader	22.251	18.274	11.309	9.548	37.292
Netto rente og provisjonsinntekter	28.699	27.182	14.606	13.525	57.987
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	6.455	4.804	3.819	4.220	6.554
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	6.026	5.188	2.990	2.610	12.809
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-743	-572	-408	-288	-1.871
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	3.151	192	-115	69	415
Andre driftsinntekter	770	601	495	289	1.144
Netto andre driftsinntekter	15.659	10.213	6.781	6.900	19.051
Personalkostnader	10.388	10.223	4.842	4.885	20.490
Administrasjonskostnader	7.742	7.266	4.004	3.692	14.918
Ordinære avskrivningar	811	811	515	406	1.376
Andre driftskostnader	1.879	2.147	820	1.038	3.641
Sum driftskostnader	20.820	20.447	10.181	10.021	40.425
Driftsresultat før tap og netto vinst/tap anleggsaksjar	23.538	16.948	11.206	10.404	36.613
Tap på utlån, garantiar m.v.	926	1.851	-140	2.095	2.243
Netto vinst/tap anleggsaksjar	0	-3.586	0	-3.586	-7.223
Resultat av ordinær drift før skatt	22.612	18.683	11.346	11.895	41.593
Skatt på ordinær resultat	5.653	4.671	2.837	2.974	8.095
Resultat av ordinær etter skatt	16.959	14.012	8.509	8.921	33.498

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.06.19	30.06.18	31.12.18
Kontantar og fordringar på Norges Bank	49.672	49.048	48.483
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	151.602	187.225	203.292
- Utlån til og fordringar på kundar	3.082.498	2.924.700	3.012.366
- nedskrivingar på individuelle utlån	-9.160	-6.360	-10.029
- Nedskrivingar på grupper av utlån	-13.600	-17.600	-13.000
Sum netto utlån til og fordringar på kundar	3.059.738	2.900.740	2.989.337
Overtækne eigendeler	308		308
Sertifikater, obligasjonar og andre rentebærande verdipapir	10.696	22.943	25.169
Obligasjons- og pengemarknadsfond	374.346	301.721	256.901
Aksjar og aksjefond	103.939	90.106	91.004
Utsett skattefordel	6.116	5.488	6.116
Varige driftsmidlar	5.034	5.807	5.594
Andre eigendeler	18.726	835	22.688
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter	34.594	38.953	15.923
SUM EIGENDELER	3.814.771	3.602.866	3.664.815
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Gjeld til kredittinstitusjonar	180.000	180.000	180.000
Innskot frå og gjeld til kundar	2.675.167	2.535.730	2.522.750
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	430.033	400.037	459.951
Anna gjeld	15.603	10.017	16.712
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter	20.031	19.254	8.424
Avsetning for påløpte kostnader og forpliktingar	16.970	14.306	16.970
Sum gjeld	3.337.804	3.159.344	3.204.807
Sparebankens fond	441.308	410.810	441.308
Gåvefond	18.700	18.700	18.700
Udisponert overskot	16.959	14.012	0
Sum eigenkapital	476.967	443.522	460.008
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	3.814.771	3.602.866	3.664.815
Garantiansvar	34.177	36.524	39.037
Pantsetjingar	51.196	50.665	50.919
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	569.776	621.728	625.401
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.739.793	3.509.772	3.538.238

RESULTATANALYSE (i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	01/01 til 30/06 2019	01/01 til 30/06 2018	01/01 til 31.12.18
Renteinntekter og liknande inntekter	2,75 %	2,62 %	2,69 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,20 %	1,05 %	1,05 %
Netto rente og provisjonsinntekter	1,55 %	1,57 %	1,64 %
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,35 %	0,28 %	0,19 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,32 %	0,30 %	0,36 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,03 %	-0,05 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	0,17 %	0,01 %	0,01 %
Andre driftsinntekter	0,04 %	0,03 %	0,03 %
Netto andre driftsinntekter	0,84 %	0,59 %	0,54 %
Personalkostnader	0,56 %	0,59 %	0,58 %
Administrasjonskostnader	0,42 %	0,42 %	0,42 %
Ordinære avskrivningar	0,04 %	0,05 %	0,04 %
Andre driftskostnader	0,10 %	0,12 %	0,10 %
Sum driftskostnader	1,12 %	1,18 %	1,14 %
Driftsresultat før tap og skatt	1,27 %	0,98 %	1,03 %
Tap på utlån, garantiar m.v.	0,05 %	0,11 %	0,06 %
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0,00 %	-0,21 %	-0,20 %
Resultat av ordinær drift før skatt	1,22 %	1,08 %	1,18 %
Skatt på ordinært resultat	0,30 %	0,27 %	0,23 %
Resultat av ordinær etter skatt	0,91 %	0,81 %	0,95 %

REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap for 2. kvartal 2019 er sett opp i samsvar med rekneskapslov av 1998, god rekneskapskikk og forskrift om årsrekneskap for banker.
Rekneskap for 2. kvartal 2019 er ikkje revidert.

TAP, TAPSNEDSKRIVINGAR OG MISLEGHALD

(tal i heile kr 1.000)	30.06.19	30.06.18	31.12.18
Tap på utlån og garantiar			
Endring individuelle nedskrivningar inkludert amortisering	-356	2.255	6.397
Endring i nedskrivning på grupper av lån	600	-700	-5.300
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	338	92	247
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	382	441	1.180
Inngang på tidlegare konstaterte tap	-38	-237	-282
Netto kostnadsført vedk. tap på utlån	926	1.851	2.243
Endring i individuelle tapsnedskrivningar på garantiar	0	0	0
Tap på utlån, garantiar m.v.	926	1.851	2.243
Misleghaldne engasjement			
Brutto misleghaldne engasjement over 90 dagar	33.451	32.735	32.011
- individuelle tapsnedskrivningar	-9.161	-5.684	-10.029
Netto misleghaldne engasjement	24.290	27.051	21.982
Tapsutsette engasjement			
Brutto tapsutsette engasjement	0	3.489	0
- individuelle tapsnedskrivningar	0	-676	0
Netto tapsutsette engasjement	0	2.813	0

ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

(tal i heile kr 1.000)	30.06.19	30.06.18	31.12.18
Sparebankenes fond	441.308	410.810	441.308
Gåvefond	18.700	18.700	18.700
-Frådrag	-64.066	-39.368	-40.703
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	395.942	390.142	419.305
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar		0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	19.138	4.410	4.129
Offentleg eigde foretak		0	1.803
Institusjonar	39.748	54.310	42.331
Foretak	109.722	115.385	105.704
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.521.056	1.525.309	1.551.565
Forfalte engasjementer	40.429	37.521	32.595
Obligasjonar med fortrinnsrett	7.082	8.998	8.999
Andeler i verdipapirfond	119.239	35.724	33.254
Eigenkapitalposisjonar	40.848	81.937	87.105
Øvrige engasjement	42.651	25.882	52.296
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.939.913	1.889.476	1.919.781
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko	143.038	137.181	143.038
Sum berekningsgrunnlag	2.082.951	2.026.657	2.062.819
Kapitaldekning			
Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag	19,01 %	19,25 %	20,33 %
Krav til kapital			
Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag	166.636	162.133	165.026
Ansvarleg kapital	395.942	390.142	419.305

Overskot av ansvarleg kapital	229.306	228.009	254.279
Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav	229.306	228.009	254.279
Bufferkrav			
Bevaringsbuffer 2,5 %	52.074	50.666	51.570
Systemrisikobuffer 3 %	62.489	60.800	61.885
Motsyklisk buffer 2 %	31.244	30.400	41.256
Sum bufferkrav	145.807	141.866	154.711
Overskot rein kjernekapital	83.499	86.143	99.568

KONSOLIDERT KAPITALDEKNING

Frå og med 1.1.2018 skal eigarpostar på under 10 % i samarbeidande grupper konsolideras inn i kapitaldekningsberekning. Luster Sparebank eig 7,1 % i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS og dette blir teke med i Luster Sparebank si konsoliderte kapitaldekning.

	30.06.19	30.06.18	31.12.18
Konsolidert rein kjernekapitaldekning i %	18,52 %	18,54 %	19,34 %
Konsolidert kjernekapital dekning i %	18,79 %	18,75 %	19,56 %
Konsolidert kapitaldekning i %	19,03 %	19,04 %	19,86 %

UVEKTA KJERNEKAPITALANDEL

	30.06.19	30.06.18	31.12.18
Uvekta kjernekapitalandel	10,43 %	10,51 %	11,08 %
Konsolidert uvekta kjernekapitalandel	10,38 %	9,73 %	10,29 %

LIKVIDITET

	30.06.19	30.06.18	31.12.18
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	122,0 %	162,0 %	212,0 %